



Ole Martin Gilbu fekk største laksen denne sesongen.

Ved midnatt vart årets fiskesesong i Uskedalselva avslutta, og med god vassføring gjennom sesongen har det vore godt fiske i elva. Det førebels rapportert inn 742,8 kg.fisk. Det er klar auke frå i fjor då det vart teke 508 kg. Det ver også vanleg ar det vert rapportert inn noko etter at fisket er avslutta.

Det har vore mange fiskarar i Uskedalselva denne sesongen, mange er tilreisande og også Rabben Feriesenter melder om auke i overnattingar for elvefiskarane. Dei minste hyttene deira er populære for denne gruppa.

Det er også fått ein god del store fiskar. Største laksen fekk Ole Martin Gilbu på floge i Djupehølen midt i august. Den var 11 kg. Vidare fekk Arnt Erik Skjøtskift ein på 8,2 kg på Haugland og Harald Rørvik ein laks på 8 kg ved Heio tidleg i same månad. Begge vart fiska på mark. Til saman er det fiska 12 laksar over 6 kg og godt over 30 på over 5 kg.

Største auren var 3,2 kg. Den fekk Roald Løvberg på floge ved Heio i slutten av august. Kenneth Hestad fekk ein aure på 3 kg på mark på Klammeren i byrjinga av juli, medan Frode Aakre fekk ein like stor på Døsland på floge i byrjinga av september.

Full oversikt over [fangstresultata finn ein her](#).

Som ein ser er Uskdalselva svært populær blant tilreisande fiskarar. Truleg vert det også litt fleire lokale namn på lista då nokre grunneigarar kan melda inn fangsten etter sesongslutt.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ole Martin Gilbu.